

- LAGSBLAD -

Nr. 9-10

Desember 1938

21 året

Haustsesongen vår.

Etter den gode opptakten med årsfesten var det berre å venta at lagsmøta utetter hausten vart trivelege samkomer.

Fyrste torsdagsmøtet etter ferien var 6 oktober. Saklista var: «Kvifor eg er målmann». To lagsfolk — *Klaus Sletten* og *Erling Ueland*, og to utanom B.ul., ordførar *Ramndal* og prost *Solheim* var talarar. Det gjekk slag i slag med song og stutte talar. Ein skulle mest tru at så mykje mål-drøs på ein kveld hadde vorte mest nok av det gode. Men dei representerte så ulike livsyrke og var på kvar si vis så gode alle saman, at møtelyden gjerne hadde ynskt lengre «innlegg». Hetland mållag var innbede til det møtet.

Torsdag 13. oktober gav rektor *Olden* eit interessant oversyn i

Ide- og Geopolitikk. Etter dei opprivande dagane me nett då hadde gjennomlevd i slutten av september, var det dubbelt forvitneleg å høyra um ymse grunnar til politiske stridar. Bondeguten gav fyrste gjesterolla si den kvelden. *Otto Hiim* var mann for det.

20 oktober var ekteparet *Edwardsen-Selvik* i elden med melding og ljusbilete frå stemna åt Noregs ul. og ferda til og frå. Fru *Edwardsen Selvik* gav eit greitt referat frå årsmøtet, og sende den eine blomen etter den andre til formannen vår for manneleg framferd på Fagernes.

Som nemnt for desse stemnefolka den vegen som har vori skildra før i Lagsbladet *til Valdres*. Men på heimturen stakk dei over til *Setesdalen*. Det dei der hadde sett og frett var utan ende. I *Mandal* låg dei ein dag eller to for å koma seg etter turen. — — Då dei

starta derifrå var han Ole så trøytt av biling, fortel dei, at «hadde han berre vori komen så langt som til Egersund, skulle han gått heim!» Elles var det leik og kaffi på møtet. Songarlaget song.

Den svære moten det har vorte med samsong etter han fekk den svenske svipen «allsong» over seg fekk me røyndag tirsdag 27 oktober. Den ihuga dirigenten for mannskoret «Norden», *Tønning Olsen*, gav ei stutt utgreiing om allsongen, korleis samsongen hadde komi til heider og ære att i Sverige, og no heldt på å vinna feste her i Noreg og. Me freista oss me og, og sanneleg gjekk det som det skulle vori smurt! Men så er me no vane med samsong før i Bondeungdomslaget. — «Norden» song ei mengd nummer for oss etterpå. Dei er ikkje knuslete, dei karane!

På det fyrste møte i november vart Jæren sin pris sunge i prosa, dikt og tonar av fru *Borghild Dahl*, *Theodor Dahl* og *Olaf Paulus*. Det vart ein retteleg gild kveld for dei som møtte fram.

10. november skulle målringen gjera veg i velling. *R. Ingvaldstad* drøste om mål og målarbeid og *Sølga Talgø* song målsongar. Dei hadde skipa til ei lyn-utluting. Den gav visseleg mykje meir netto enn ein hadde venta. Det er vel elles eit spørsmål om serlag såleis utan vidare kan skipa til utluting

gar — same kor gjævt føremålet mun vera.

Tirsdag 17 november fekk me høyra frk. *Ingebjørg Sletten* tala om ei ferd i Sør-Tyrol. Det er reint fantastisk alt det den dama har vori ute på! Noko som heiter *hindring* finst visst ikkje for henne. — Ho fortalde om den harde striden det tyske folket i dette «italienske» landet fører mot Mussolini-herredømet. Det måtte no vera litt av ein beisk pillar å svelja for Hitler — dette at rett og slett ein tysk landslut skal ofrast for ein så problematisk venskap som den med Mussolini. — Frk. Sletten synte nokre ljusbilete av folk og land der nede. Så me fekk eit heller godt inntrykk av tilhøva der nede i Tirol. Felespelet til *Eyvin Thu* høvde godt inn i programmet. Og var framifrå som alltid.

Idrottmøtet, 24 november, fekk diverre ikkje den tilslutnaden ein kunne venta. Det er undarleg, for resten. For jamt og samt er det nokon som klagar på at B.ul. gjer forlite for idrotten. Dr. *John Riis* heldt foredrag om kropp og trening, og etterpå fekk me sjå to idrottsfilmar — ein om skiinstruksjon og ein om symjing. Det var eit koseleg møte!

På fyrste dagen i julemånaden var det berre rimeleg at samkoma fekk ein festleg svip over seg. Leikskeidet laut sjølvsagt ha ein

høveleg finale, og då var det berre naturleg at alle lagsfolk fekk vera med å friska oppatt leiken — samstundes som det var forvitneleg å sjå kor langt næmingane hadde drivi det på den stutte tida. Som ein skynar vart det festleg samvære med kaffi, bolla, leik og som toppen på alt: Opplesing av skodespelarinna fru *Ranka Knudsen* — Mor Åse i eigen person. Barneleikarringen dansa — eit lite par jamvel springar. Ei mengd ungdom var samla. Det syner seg at leiken har noko å by på framleis! Sanneleg er det godt gjort å få så fjerre sving på leiken på så stutt tid som skeidet har vart. *Einar Nordaker* og *Erik Ryen* var lærarar.

Stort sett må ein seia haustsesongen har vori ein god arbeidsbolk for B.ul. Tilgangen på nye lagsfolk har auka monaleg, og det har komi meir fart og liv over arbeidet. Serlaga har arbeidt som før: Songarlaget med øvingar kvar måndagskveld, spellaget når dei kan koma til. Leikarringen likeins. Diverre er det ofte slik at salen er så mykje bortleigd at det vert vanskeleg å ha øvingar nok. Serleg gjeld det for spellaget. Det bør koma ein snunad her.

Som ein ser av saklista for desember er det enno nokre samkomor att i dette året. Dei vert visseleg ikkje minder gilde enn dei førre, så det er all grunn til å vera nøgd.

Joletrefest og Nyårsfest

vert det i år som vanleg. Joletrefesten skal vera torsdag 22 desember kl. 20. Det vert tale, song, opplesing, gang kring jolitre og sjølv-sagt mat og kaffi.

Joletrefesten i Bondeungdomslaget plar alltid vera med dei hyggelegaste stundene me har. Me vil difor rå alle til å gå på festen. Ein kan taka vener og kjenningar med. Inngangspengane vert kr. 1,00.

Joletrefesten for born vert ein dag mellom jol og nyår. Sjå nærare etter om det i oppslagskassa åt Bondeungdomslaget.

Festen nyårsafta skal bli så framifrå og gild som dei berre maktar gjera han, seier formannen i festnemnda — *Bjarne Ledål*. Programmet vert godt, musikk og matstell likeeins. Festen tek til kl. 20 $\frac{1}{4}$. Inngangspengane er sett så rimeleg at alle skulle kunna vera med, berre kr. 2,00. Når ein tenker på kva ein må leggja ut om ein skal vera med på andre festar eller t. d. eit samanskotslag, ja, så er festane i Bondeungdomslaget uvanleg billege. Og det er berre som det skal vera. Men då bør lagsfolket nytta føremonen ut. Nyårsfesten er skipa til berre for medlemmer. Men det er likevel ikkje verre enn at dersom eit lagsmenneske har ein *serleg* god ven eller kjenning, så gjev nok festnemnda «dispensasjon». — (Ein skal med

andre ord sleppa skiljast *den* kvel-
den i minsto. —) Og så ein ting til:
Ting billett i tide! Så får nemnda
oversyn og me andre ein endå
gildare fest.

I støypeskeia med Bondeguten!

Bondeguten har — med sorg å
melda — ført eit heller stilsleg til-
være denne hausten. Hugsar me ik-
kje gale, har han berre vori frampå
to gonger. Og det er mykje for lite!

Det kan sjå ut til at det vert
naudsynt med ein ny skipnad der i
garden. Ei nemnd på 5-6 kvinner
og menn som fast bladstyre trur
me ville verta *vel* så godt som slik
me no driv det.

Det var føresetnaden at fleire
skulle få høve til å røynd seg som
bladstyrarar med den skipnaden
me no har. Men ikkje oftare enn
Bondeguten har komi ut i haust
vert det sanneleg fåe som får høve
til noko «gjennombrøt». — — —

Ei fast nemnd, som har å syta for
at det handskrivne bladet kjem ut
t. d. kvar 14. dag, vil kjenna eit
heilt anna ansvar enn når ein vil-
kårleg lagslem vert sett opp med
stuttare eller lengre omrømingstid.

Ei ordnning som den me her har
slege frampå om var det ein gong
før med Bondeguten. Og me for
vår part har alltid haldi den for
den likaste. Eit såvore bladstyre
bør me velja på fyrste årsmøte.

Den nye rettskrivinga

prøvde me etter fatig evne å gjen-
nomføra alt i førre nr. av Lagsbla-
det. Dei fleste har venteleg lagt
merke til fenomenet. Likevel er
det nok ikkje radt 100% av lags-
folket som gjev seg til å kløyva på
hår når det gjeld rettskriving. —
Difor kunne det vera freistande å
peika på korleis eit og anna brigde
høver for oss Rogalendingar. Me
tek berre for oss i fleng:

Nemneforma (infinitiv): Ein har
no to jamstelte former her, —
kløyvd infinitiv og infinitiv på a.
Den kløyvde inf. (ein gong skriv
ein -e, ein annan gong -a) er sjølv-
sagt noko som ikkje høver for oss
i Rogaland. Her seier folk *kasta*
både i by og på land! Det vert
såleis berre forma på -a som kjem
til å gjelda som normal for vår
landslut. Me har meir enn ein gong
haldi fram at denne e-infinitiven
som Stavanger Aftenblad konse-
kvent nytta til den nye rettskri-
vinga kom (dei skreiv vere, kome,
gjere o. s. b.) var ein stor *uting*.
Folk her i fylket — anten dei
budde i by eller bygd — tok slik
skrivemåte for «knot». Det er difor
eit framsteg at bladet har teki til
med kløyvd inf. Så slepp ein då å
lesa *berre* ukjende infinitivar. —

Me vil elles, så sterkt me kan,
råda dette vyrde bladet til å gå
over til berre a-inf. snarast råd er.
Det vil tena målsaka i Rogaland.

At bladet vil stå seg på det er me ikkje i tvil om. Det er ingen grunn for Aftenbladet å halda på former som aldri kan verta levande tale i bygder og byar her.

Koner, gjenter o. s. b.: Før skreiv me *konor, gjentor* o. s. fr. Men ingen *sa* det. Det er difor naturlegare for oss at uttalen er hovudform.

Få, gå, slå, stå o. a.: No heiter det: eg *får*, eg *går* o. s. fr. Og berre det. Før var dette sideformer. Det grummaste var då: eg *fær*, eg *gjeng* o. s. b. For storparten av fylket er dei nye formene mest naturlege. I alle høve for heile Ryfylke.

Kunne, skulle, ville utan d i fortid ser vondt ut på papiret. Men det høver med uttalen. Så me får gjeva oss til tols med det.

Tretten, fjorten: Slik skal det vera no. Før var det *trettan* o. s. b. Det nye er lagleg for oss. For me seier rett og slett *tretten, fjorten* med e. I rekkjetala har *me* same e-en. Men der høver det ikkje med det nye. For der lyder det *åttande, trettande* med a att. Skjøna det kven som vil. — — —

Seier, teier o. fl. botnar truleg meir i ein sjukleg trong til å brigda enn til å gjera målet klårare. Når me lekfolk seier og skriv *tagde* i fortid, så er det lettaste å skriva g i notid og. Så mykje meir som alle her i Rogaland med ein bra dialekt alltid seier: *Seg meg!* i bjodeform. No heiter det: *Sei meg!*

Så er det rette no. Då skulle ein

tru det måtte heita *nå* og. Men takk skal du ha! Det skal vera *no*.

Det kan heita både *å vita* og *å veta*. Då kunne ein ha venta at ein hadde lov å nytta både *vit* og *vet* som substantiv. Men det er nok *for* logisk. — Hovudforma er *vit*. Med *vett* som sideform. Sjølsagt er me glade for at *vit* er hovudform. Men me tykkjer berre det ser litt underleg ut sume tider. —

Slike inkonsekvensar vrimlar det av. Eller kva skal ein seia til såvore: Det heiter *før*. Men i *fyrst* skal det vera y. I slike høve kunne ein freistast til å tru at det var lutspel-regelen som hadde vori nytta.

Det siste me her har nemnt er nokre av dei tinga me er usamde i. Som sagt: Etter fatig evne. Men me har og vori inne på at mykje i den nye rettskrivinga høver godt for oss rogalendingane.

Det er greitt at i eit norsk mål — der alle landsluter skal få noko av sitt med — er det vandt å koma alle til viljes. Me får vona og tru at det som er gjort vert til gagn for det norske målet her i landet! Det er no ein gong ikkje *bokstavane* som gjer målet norsk. Det er *orda* og *setningsbyggnaden*.

Jolegåva til fatige born.

På siste styremøte i B.ul. vart det vedteke å yta kr. 100,00 til fatige born. Frimurarane fekk rådvelde over summen.

Kva er viktugaste oppgåva åt Lagsbladet?

Det hender gong og annan at me kjem reint i tvil om kva som *er* viktugaste oppgåva åt Lagsbladet vårt. Det er ikkje alltid så greitt å vita kva ein skal taka med. Ramma er trong. Meldingsblad skal det vera. Det som skal takast med utan om det vert eit skjønsspørsmål. *Eitt* er i alle høve knesett ein gong for alltid: Ting og hendingar innan laget som kan skada det gode omdøme utetter skal ikkje inn i Lagsbladet. Å skifta sol og vind i så måte er ikkje allstøtt så einfelt. Det vert som oftast lettaste å halda seg til den gode regelen at det som auga ikkje ser gjer ikkje hjarta vondt. Difor tek me aldri inn noko om lagssaker som det er strid eller delte meiningar om i Bondeungdomslaget. Endå så freistande det kunne vera sume tider!

Av denne grunnen er det ikkje anna å venta enn at Lagsbladet vert noko tannlaust på jamnaden. Me har prøvt få folk med på eit ordskifte sume tider. Men diverre ser det ikkje ut til at det er nokon trong mellom lagsfolket til å skifta meiningar med kvarandre. Det er gale. For Lagsbladet er nett eit høveleg forum for sømelege ordskifte om aktuelle spørsmål.

Me har som regel havt noko om

«gilde møte» og såvore. Venteleg er det dei som tykkjer at bladmat av det slaget er minder tess. Det er lite mun i å få vita det ein veit før. — — — Og sant å seia: Me halla til den sida sjølve ei stutt tid. Men etter nøye ettertanke er me komne til eit anna resultat. Lagsbladet skal ikkje berre vera for dei *trugne* i lagsflokken, dei som går på møta. Det skal freista halda kontakten mellom B.ul. og dei passive og. Då meiner me det har interesse å fortelja om kva me har havt føre oss på møte og festar. Så kunne kan henda desse passive få hug til å sjå nedom til oss att. (Elles er det no gildt for dei aktive å *lesa* kva dei har vore med på og.)

Dessutan er no bladet ein gong eit *meldingsblad*. Det skal på sett og vis syna ettertida kva me har havt føre oss i Bondeungdomslaget gjennom åra. Rett nok syner årsmeldinga i svært avstutta form kva samkomene er nytta til. Men desse meldingane syner ikkje *korleis* møta har vori. Difor trur me Lagsbladet har ei oppgåve her: Å nemna det som ikkje godt kan tverrast ut i årsmeldingane. M.a.o. gjeva att *kvardagsandletet* åt laget.

Me kjem difor til å taka oppatt den skikken med stutte referat frå dei fleste møte i B.ul.

Eller skulle det vera nokon av lagsfolka — eller kan henda utanom og — som hadde ein onnor

meining, så står teigane opne for dei.

Det har vori slegi frampå om Lagsbladet vårt ikkje kunne utvidast til eit meldingsblad både for Sør- og Nord-Rogalands ungdomslag og Bondeungdomslaget. Kva meiner andre om det, tru?

Gubbelaget arbeider.

Måndag for eit par veker sidan hadde «Gubbelaget» stor fest på Mostun for Gubbar med «Gubbiner» og vel så det. Det var ei framifrå tilskiping på alle vis, fortel dei som var med. Maten smaka som aldri før der ute, røyken var eit heilt eventyr og det kvinnelege i-slaget var i toppform — rett og slett.

Etter *vår* meining skulle «Gubbelaget» vera ein fristad der berre mannfolk kunne møtast over ein god-bit med litt røyk og radl etter på. Men det var nok for godt til å vera sant. — — Det seiest rett nok at Gubbelaget framleis skal vera berre for karar. Men det er ikkje greit å vita kva ein skal tru — så lenge kvinnene har hatt tilgjenge på *halvparten* av samkomene. — —

Me vil likevel ynskja Gubbelaget til lukka med framtida, samstundes som me vonar det vert *lenger* mellom kvar gong kvinnene får koma dit.

Koralkvelden


i St. Johs. kyrkja, fredag 4 november i tilføre kyrkjesongfesten, vart ei gild stund for dei som møtte fram. Det var orgelmusikk av organist Sand og korsong av Haugesund kyrkjekor. Deretter heldt pastor *Thomassen* foredrag om Elias Blix si salmedikting.

Talaren nemnde korleis bondeguten Elias Blix ved si einfelte, men samstundes *sterke* form hadde vunni fram til ein av dei største — for ikkje seia *den* største — salmediktar i Norden. Det *nasjonale* var alltid grunntonen i Blix si dikting. Likevel vart han aldri sentimental i sin nasjonalitet. Dei fyrste salmane åt Blix kom ut i 1869. Men fyrst i 1892 vart «nokre salmar» godkjende til kyrkjebruk.

Thomassen fekk ein framifrå samanheng mellom foredraget og det venaste i Blix sin salmeskatt. Såleis song kyrkjelyden alt i eitt salmane medan presten fletta inn foredraget i mellom.

Mange lagsfolk hørde foredraget, men det burde vori fleire. Dessverre fekk me oppgjevi feil tid i førre nr. Men det har truleg vorti brigda etter på, for den kjelda me hadde opplysningane frå skulle ha god greie på det.

Elles vil me takka for det nynorske innslaget kyrkjesongfesten hadde!



God jol

ynskjer me alle lagsfolk. Samstundes takkar
me for alt i det året som no går ut!

Den store sensasjonen

på Nyårsfesten vert at *Bondeguten*
kjem ut. Me har gong på gong
lasta festnemndene for at det hand-
skrivne bladet ikkje får nok rom

på festane våre. Det er difor gle-
deleg å høyra at snunaden er ko-
men. *Klara Risvold* er bladstyrar.
Send bladmat i haugevis! Ein kan
leggja det inn på Matstova.

Saklista for desember 1938 og januar 1939:

- Torsdag 1 desember: Avslutning på leikskedet. Kaffi. Inngangspengar kr. 0,50.
Torsdag 8 desember: Stutte foredrag: Arbeidet mitt.
Torsdag 15 desember: Namnekveld ved prost Sølheim. Bondeguten ved Jon Mo. Song
av Songarlaget.
Torsdag 22 desember: Joletreffest. Inngangspengar kr. 1,00.
Laurdag 31 desember: Nyårsfest. Nemnd: Alv Espedal, Bjarne Ledål, Arnulf Eskeland,
Lars Johnsen, Magna Nesheim, Gunhild Moluf, Olga Risvold, Klara
Skartveit, Marta Tangerås og Sønøve Sigvaldsen.
Torsdag 5 januar: Foredrag.
Torsdag 12 januar: Ordskifte: Kva kan gjerast til å samla bondeungdomen i byen.
Bondeguten. Bladst. Einar Kvalsheim.
Torsdag 19 januar: Foredrag av skulestyrar *Standal*.
Torsdag 26 januar: Årsmøte.
Torsdag 2 februar: Framhald av årsmøtet.

Utgjeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1938.



SOMA
ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverst i hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL ◀ PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselegt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjolety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
SØREGATA 9

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/S

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

Elektrisk
installasjonsforretning

Ingi gáva

prydet

som blomar fei

Blomsterhallen

Belysningskunst




Cicelør - Verkstad Heilandsgt. 45

Lagsfolk!

Kjøp dykkar frukt,
sjokolade, confekt,
tobakk, sigarar og
sigarettar hjå

Pedersgt.s Frukthforretning A/S
Pedersgata 39

Varene vert sende heim
Ring telefon 4547k



**Dürkopp
og
Svithun**

Rimelige avbetalingsvilkår

MASKINHUSET A/S
BREDGT. 9

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail- en gros

O. THORSNÆS

STAVANGER
KIRKEGATEN 42 TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor

Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1875

Steinty

Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn

Tvinggarn

Glitregarn

Gretegarn

Norgesgarn

Plantef. garn

Slumregarn

ROGALAND/ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS

SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT

VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



A/S MARGARINCENTRALEN